



Den gode hjelper

INFOSKRIV TIL LANDBRUKS-
VIKARER OG AVLØSERE ,
NR 2 – 2018



Kurs for landbruksvikarar og avløysarar

- Morten Feiring



Deltakerne er her oppe fra venstre : Airidas Vilkas (SLT), David Lundell (LNV), Silvija Vitkauske (SLT), Alfredas Vitkauskas (SLT), Mirek Wikiel (SLT).
Nede fra venstre: Sivert L Kattem (INLT), Håvard Krangnes (INLT), Oddvar Pedersli (INLT), Jan Pål Fugledal (LNV), Martin Lyster (LNV), Vidar Ulla (SLT)

For tredje året på rad var landbruksvikarar og avløysarar frå heile fylket samla til fagleg oppdatering og sosialt samvær. Denne gongen var det Storfjord Landbrukstenester som hadde ansvar for kursleiing og arrangement.

Kurset var lagt til Stranda Hotell på Stranda, under Sunnmørsalpane og ved verdsarvfjorden. 12 deltakarar fekk 3 dagar med fagleg påfyll og kjekt samvær. Litt færre enn dei to føregåande år, men det var ein aktiv og engasjert gjeng som var samla desse tre dagane. Fyrste kursdag fekk dei ei god innføring i Smittevern av veterinær Gunnar Valdøl frå Valldal, og orientering frå Romar Skeie Olsen i Norske Landbrukstenester om NLT som organisasjon, og alle dei gode forsikringsordningane dei kan tilby.

Etter god middag og Quiz på kvelden, vart det ferje over fjorden neste dag og vitjing hjå Knut Ole Overaa i Lia-bygda. Ein sær driftig bonde, med nytt fjøs for 50 ammekyr. I tillegg har han 16 mjølkekyr i gamlefjøs og 100 vinterfôra sau i sauefjøs. Her fekk kursdeltakarane ei god innføring i drifta på garden.



So var det vidare til Stordal Samdrift – og orientering av ein av mjølkebøndene som er med i samdrifta : Per Ivar Skodjereite. Her var òg alt på stell! Etter framifrå lunsj på Nilsgardstunet, var det Bozena Farstad frå Tine sin tur. Ho hadde tema fôring og mjølking.

Etter retur til hotell og mat og prat og ei god natt, var det Stranda Brannvern som avrunda kurset med sær nyttig bolc om brannvern på gardsbruka.

Landbruksvikarar og avløyssarar treffast ikkje so ofte på dette viset, og det er tydeleg at dei set pris på å vere i lag og pratast og oppdatere kvarandre, og få gode faglege oppdateringar frå røynde fagfolk.